

---

# DETALJREGULERINGSPLAN VOSS HYTTEGRENND – PLANID: 12352015001, VOSS HERAD

## REGULERINGSENDRING VIKESHAGEN, HIMLESDALEN OG OLDESÅSEN

---

OPPDRAGSGJEVAR

Voss Hyttegrend AS


EMNE

Planomtale, reguleringsendring Vikeshagen,  
Himlesdalen og Oldesåsen

DATO / REVISJON: 28 juni 2022 / 00

DOKUMENTKODE: 10240299-PLAN-RAP-001

---



Med unntak av dei rettar oppdragsgjevar har i høve til avtalen med Multiconsult AS, høyrer dette dokument til Multiconsult med alle rettar.

Innhaldet – eller deler av det – må ikkje nyttast til andre føremål eller av andre enn den det gjeld i avtalen. Multiconsult har ikkje noko ansvar om dokumentet vert nytta i strid med føresetnadane. Dokumentet kan ikkje kopierast utan løyve frå Multiconsult.

## RAPPORT

OPPDRAG	Voss Hyttegrend - Reguleringsendring	DOKUMENTKODE	
EMNE	Mindre endring av detaljreguleringsplan for Voss Hyttegrend	TILGJENGE	Open
OPPDRAGSGJEVAR	Voss Hyttegrend	OPPDRAGSLEDER	Toril Amundsen
KONTAKTPERSON	Knut Vike	UTARBEIDA AV	Kjetil Bø Omarstrand
GNR./BNR./SNR.		ANSVARLIG EINING	Multiconsult Norge AS

## SAMANDRAG

Multiconsult vart engasjert av Voss Hyttegrend AS desember 2021 til å utarbeida forslag til reguleringsendring av del av gjeldande reguleringsplan for Voss Hyttegrend, Voss Herad (planID12352015001).

Hovudformål med reguleringsendringa er å endra reguleringsplan i samsvar med bygde tiltak for skitraséar, etablerte renovasjonsanlegg, høgdebasseng i Himlesdalen, skibruer, parkeringsplass ved Herresleitet i Oldesåsen, sti i Vikeshagen, regulerte tilkomstpiler til hyttetomtar. Reguleringsendringa omfattar delområda Vikeshagen, Himlesdalen og Oldesåsen.

00	28.06.2022	Planomtale reguleringsendring	KBO	ToA	ToA
REV.	DATO	SKILDRING	UTARBEIDA AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

## INNHALD

<b>1</b>	<b>Bakgrunn for planarbeidet .....</b>	<b>5</b>
1.1	Innleiing.....	5
1.2	Nøkkelopplysningar.....	5
<b>2</b>	<b>Planprosess .....</b>	<b>6</b>
2.1	Oppstartsmøte.....	6
<b>3</b>	<b>Planstatus og overordna føringar .....</b>	<b>6</b>
3.1	Kommuneplanen arealdel.....	6
3.2	Reguleringsplanar .....	6
<b>4</b>	<b>Skildring av planendring .....</b>	<b>6</b>
4.1	Plankart, forslag til endra plankart.....	7
4.2	Arealtabell.....	8
4.3	Skildring av endringar i plankart .....	9
4.3.1	Vikeshagen .....	9
4.3.2	Himlesdalen.....	10
4.3.3	Oldesåsen.....	11
4.4	Føresegner .....	12
<b>5</b>	<b>Detaljert skildring av forslag til reguleringsendringar i plankart .....</b>	<b>14</b>
5.1	Vikeshagen .....	14
5.1.1	Endra plassering av skitraséar i plankart i Vikeshagen, inkludert ny bygd skibru .....	14
5.1.2	Endring av areal avsett til renovasjonsanlegg og energianlegg i plankart.....	16
5.1.3	Endring av tilkomstpunkt til hyttetomtar i plankart.....	19
5.1.4	Sti mellom køyreveg og skiløypetrasé i plankart .....	21
5.2	Himlesdalen .....	22
5.2.1	Endra plassering av skitraséar i plankart i Himlesdalen .....	22
5.2.2	Høgdebasseng .....	24
5.2.3	Endringa av areal til skibruer i plankart.....	25
5.2.4	Endring av areal til leikeplass i plankart (L-h1).....	26
5.2.5	Endring av tilkomstpunkt hyttetomtar .....	27
5.3	Oldesåsen.....	28
5.3.1	Endra plassering av skiløypetraséar i plankart .....	28
5.3.2	Renovasjon.....	30
5.3.3	Parkering .....	32
5.3.4	Endring av tilkomst til hyttetomtane .....	33
<b>6</b>	<b>Konsekvensar av reguleringsendringa.....</b>	<b>34</b>
6.1	Overordna planar .....	34
6.2	Gjeldande reguleringsplan .....	34
6.3	Naturmiljø .....	34
6.4	Naturressursar og naturmangfaldslova.....	34
6.5	Barn og unge sine interesser.....	34
6.6	ROS.....	34
	<b>Vedlegg .....</b>	<b>35</b>

## 1 Bakgrunn for planarbeidet

### 1.1 Innleiing

*Områdereguleringsplan for Voss Hyttegrend* (planid 2012006) vart vedteken 06.02.2014. Planen leggje til rette for etablering av inntil 200 nye tomter for frittliggjande fritidsbustader tilknytt Voss ski- og tursenter, med tilkomstveggar og naudsynte servicefunksjonar.

I 2015 vart det vedtatt ei mindre reguleringsendring for delområda Himlesdalen og Oldesåsen (planid 2015001).

Utbygging av området har medført endringar i høve regulerte løysingar. Det er i utbygde områder tilrettelagt med felles renovasjonsområder ved innkøyring til delområda, skiløypetraséar er i større grad tilpassa terreng og skibruer er bygd på best egna plass. Høgdebasseng er omsøkt og opparbeidd med mindre terrenginngrep enn regulert løysing. Parkeringsplass ved Herresleitet er opparbeidd på ei større flate og med betre tilpassing til terreng. Bygde hytter i områder har omsøkt og opparbeidd tilkomst til tomter som i nokon tilfelle ikkje samsvarer med regulert tilkomstpil.

### 1.2 Nøkkelopplysningar

Gnr./bnr. (hovudeigedommen)	Gnr/bnr: 184/1, 184/10, 184/11, 184/1,6, 184/2, 184/3 , 202/1, 202/2, 202/3, 202/4, 203/1, 203/3 203/4, 204/1, 204/2, 204/3
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommuneplan)	Voss Hyttegrend- reguleringsendring i Himlesdalen og Oldesåsen (planid 2015001) vedteken 06.03.2015.
Forslagsstillar	Voss Hyttegrend
Grunneigarar (gnr./bnr. på alle eigedommane innanfor planområdet, ev namn på grunneigarar)	
Plankonsulent	Multiconsult Norge AS
Hovudformål med endringa	Oppdatering av gjeldande plan i samsvar med bygde løysingar
Storleik på planområdet i daa	982
Tal på nye bustadeiningar i endringa	Ingen endring
Aktuelle problemstillingar	
Oppstartsmøte for endringa, dato	18.02.2022
Utsendt varsel om reguleringsendring, dato	
Sendt til vedtak Voss herad, dato	

## 2 Planprosess

### 2.1 Oppstartsmøte

Det vart gjennomført eit oppstartsmøte 18.02.22 med Knut Vike og Kåre Flatlandsmo som representerer tiltakshavar Voss Hyttegrend, Kjersti Næss Finne, Berit Marie Galaaen frå Voss Herad og Toril Amundsen frå Multiconsult AS som er plankonsulent. I oppstartmøtet gjekk ein gjennom utkast til endring av plankart.

## 3 Planstatus og overordna føringar

### 3.1 Kommuneplanen arealdel

Kommuneplanen, som består av ein samfunnsdel og ein arealdel, ligg til grunn for all planlegging i Voss herad. Arealdelen vart vedteken 23.04.2015. Kommuneplanens arealdel vart revidert og vedteke 22.10.2020 og er gjeldande for perioden 2020-2032. Planområdet er i KPA hovudsakeleg avsett til fritidsbusetnad og idrettsanlegg. Tiltak skildra i forslag til reguleringsendring er i tråd med overordna føringar i KPA.

### 3.2 Reguleringsplanar

#### ***Voss Hyttegrend, planid 2012006***

*Voss Hyttegrend* (planid 12352012006), områdereguleringsplan vart vedteken 06.02.2014. Planen leggje til rette for inntil 200 tomter for frittliggjande fritidsbustader tilknytt Voss ski- og tursenter med tilkomstvegar og naudsynnte servicefunksjonar.

#### ***Voss Hyttegrend – reguleringsendring Himlesdalen og Oldesåsen (planid 2015001).***


Multiconsult Norge AS utarbeida på vegne av tiltakshavar Voss Hyttegrend forslag til ei mindre endring av detaljplan *Områdeplan Voss Hyttegrend* (planid 2012006), vedteke 06.03.2015. Hovudføremålet med reguleringsendringane var å sikra ein betre terrengtilpassing av planens tiltak. Tiltak som vart endra er knytt til plassering av snuhammarar i Himlesdalen, endring av tomtegrenser, endring til sentrale renovasjonspunkt ved avkøyrse til Himlesdalen og Oldesåsen, justering av vegline i Øvre Himlesdalen, endra lokalisering for areal for leikeplass i Himlesdalen og oppdatering og justering av skiløyper i samsvar med traséar med vass- og avløpsleidningar i Himlesdalen og Oldesåsen.

## 4 Skildring av planendring

Følgjande kapittel skildre forslag til reguleringsendringar med ei grunngeving av val ein har tatt. Oppstillinga er systematisk og viser døme på endringar i plankart i høve til gjeldande reguleringsplan. Endringa omfattar endring av plankart. Dei viktigaste endringane er i samsvar med bygde tiltak for skitraséar, etablerte renovasjonsløysingar, bygd skibru og skibru som er planlagd, justering av parkeringsplass ved Oldesåsen og areal til høgdebasseng i Himlesdalen.

#### 4.1 Plankart, forslag til endra plankart

Under vises plankart til forslag til mindre planendring.



Figur 1 Forslag til mindre reguleringsendring. Kjelde: Multiconsult

## 4.2 Arealtabell

Arealtabell for reguleringsføremål i forslag til reguleringsendring og i gjeldende reguleringsplan.

Føremål	Forslag til reguleringsendring	Gjeldande plan
§12-5 Busetnad og anlegg	Areal i dekar	Areal i dekar
Fritidsbusetnad-frittliggjande (FRF)	178,6	178,6
Skianlegg (SKI)	276	277
Skiløypetrasé (SKT)	38,3	38
Idrettsstadion (IS)	1,2	1,7
Energianlegg (BE)	0,1	
Vass- og avløpsanlegg (VAR)	0,4	0,4
Renovasjonsanlegg (REA)	0,3	0,5
Telekommunikasjonsanlegg (BTK)	0,2	
Leikeplass (LEK)	3,2	3,2
Angitt busetnad og anleggsføremål kombinert med andre oppgitte hovudføremål (BAH)	1	1
Sum areal denne kategori	499,5	500,5
§12-5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Veg (SV)	0,8	
Køyreveg (KV)	49,5	50,2
Anna veggrunn – grøntareal (KV)	28,8	29
Parkering (P)	6,4	2,9
Sum areal denne kategori	85,5	82,1
§12-5 Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift		
Friluftsføremål (FR)	397	399,2
Sum areal denne kategori	397	399,2
<b>Totalt alle kategoriar</b>	<b>Ca. 982 daa</b>	<b>Ca. 981,8</b>

Omsynssoner	Forslag til reguleringsendring	Gjeldande plan
§12-6 - Omsynssoner	Areal (daa)	Areal (daa)
140 - Frisikt (18)	0,9	1,1
210 - Rød sone iht. T-1442	0,3	2,2
220 - Gul sone iht. T-1442	79,5	79,5
540 - Omsyn grønnstruktur	331,8	334,3
<b>Totalt alle kategoriar:</b>	<b>412,4</b>	<b>417</b>



### 4.3 Skildring av endringar i plankart

Dette kapittelet skildrar kort kva type endringar som kommer fram av forslag til reguleringsendring innanfor dei ulike hytteområda innanfor planområdet med døme. For ei fullstendig oversikt over dei ulike forslagene til endring, sjå til kapittel 5.

#### 4.3.1 Vikeshagen

For hytteområdet Vikeshagen er forslaga til reguleringsendring frå gjeldande plan hovudsakleg knytt til:

- endring av skitraséar i plankart
- endring areal avsett til renovasjonsanlegg og energianlegg i plankart
- endring av tilkomstpilar til hyttetomtane i plankart
- oppdatere plankart i samsvar med bygd skibru
- Opne for etablering av sti

#### **Endring av skitraséar i plankart i samsvar med innmålte og opparbeida skiløyper**

I forslag til endring av reguleringsplan er det gjort ein justering av skiløypetraséar i plankartet. Hovudføremålet med justeringa er at plankartet er oppdatert i samsvar med opparbeida traséar i Vikeshagen. Skiløypetraséar er regulert med 8 meters bredde.

#### **Endring av plankart til å inkludera opparbeid skibru**

Det er blitt opparbeid ny skibru i Vikeshagen. I forslag til reguleringsendring er skibrua innlemma i oppdatert plankart.

#### **Endring av areal avsett til renovasjonsanlegg og energianlegg i plankart**

I gjeldande reguleringsplan (planid 2012006) er det regulert inn fleire mindre areal til hentepunkt for renovasjon ved snuplassar i hyttefeltet langs vegnettet. I forslaget til reguleringsendring er det lagt inn eit nytt- og sentralt renovasjonsanlegg for Vikeshagen i plankartet. Dette erstattar dei tre eksisterande renovasjonsområda i gjeldande plan, og er tatt ut av frå plankartet i forslag til reguleringsendring.

#### **Tilkomstpilar til hyttetomtane**

I endringsforslaget til reguleringsplanen er tilkomsten til hyttetomtane i plankartet justert til å samsvare med opparbeiding av hyttetomter og omsøkte tiltak i byggjesøknader. Endring av tilkomstpunkt gjelder for fleire av hyttetomtane i feltet Vikeshagen.

#### **Opne for etablering av sti mellom køyreveg og skiløypetrasé i plankart**

I forslag til endring av reguleringsplan opna for opparbeiding av sti mellom køyreveg og skiløypetrasé i Vikeshagen. Eksisterande sti ender i dag mellom to hyttetomter.

### 4.3.2 Himlesdalen

I hyttefeltet Himlesdalen er forslaga til endring i plankart hovudsakleg knytt til:

- endring av skiløypetraséar
- endring i plassering av skibruer
- endring av areal avsett til leikeplass
- endring av tilkomstpilar til hyttetomtar i Himlesdalen
- endring i plankartet av opparbeida areal til høgdebasseng med pumpehus

#### **Endring av skiløypetraséar i høve til innmålte og opparbeida skiløyper**

I forslaget til endring av gjeldande reguleringsplan er det gjort ein endring i plassering av skitraséar i plankartet. Hovudføremålet med endringa er å oppdatere plankartet slik at det samsvarer med opparbeida traséar i Himlesdalen.

#### **Endring i plassering av skibruer**

I forslaget til reguleringsendring er to innregulerte skibruer i gjeldande plan føreslått erstatta med ein ny skibru sørvest for avkøyrseil til Himlesdalen. Føreslått plassering av ny skibru vil knyte opparbeida skitraséar i hyttefeltet, mot skitrasé planlagd sørvest mot Oldesåsen og opparbeid skitrasé søraust mot Herresleitet.

#### **Endring av areal til leikeplass (L-h1)**

I gjeldande reguleringsplan er det avsett to område i Himlesdalen til leikeplass. Eit av desse (L-h1) er lokalisert sørvest for avkøyrseil til Himlesdalen. I forslag til endring av plankart er det regulert inn skiløypetrasé som krysser dette arealet. Føreslått endring av plankart samsvarer med opparbeid skiløype. Det er avsett eit større areal til skiløypetrasé sør for leikeplassen i gjeldande reguleringsplan i høve til forslaget til reguleringsendring. Areal avsett med føremål leikeplass (L-h1) er totalt sett auka i forslaget til reguleringsendring.

#### **Endring av tilkomstpilar til hyttetomtar i plankart i Himlesdalen**

I forslag til endring av reguleringsplan er tilkomsten til hyttetomtane i plankart endra i samsvar med opparbeiding av hyttetomter og byggjesøknader. Endring av tilkomstpunkt gjelder for fleire av hyttetomtane i feltet Himlesdalen.

#### **Endring av område til høgdebasseng**

Lengst nord i hyttefeltet Himlesdalen er det regulert for vass- og avløpsanlegg (VAR) med høgdebasseng. I forslaget til endring av reguleringsplanen er plasseringa av vann- og avløpsanlegg i Himlesdalen endra i plankartet. Endringa i det oppdaterte plankartet er i samsvar med innmålingar og opparbeid areal. Pumpehus er ferdig bygd i samsvar med omsøkte tiltak i byggesøknad. Gjerdet rundt høgdebasseng og pumpehus dannar grunnlag for avgrensinga av arealføremål vass- og avløpsanlegg (VAR) i Himlesdalen. Området som opphavleg var avsett til arealføremål VAR i plankartet er halvert i størrelse og endra til arealføremål telekommunikasjonsanlegg (BTK), i samsvar med saksnr: 21/02326, Voss Herad.

### 4.3.3 Oldesåsen

For hytteområdet Oldesåsen er forslaga til endring av plankart hovudsakleg knytt til:

- endring av plassering av skitraséar
- endring av areal avsett til renovasjonsløyisingar
- endring av areal til parkering ved Herresleitet
- endring av tilkomst til hyttetomtar i Oldesåsen

#### **Endring av skitraséar i høve til innmålte og opparbeida skiløyper**

I forslaget til endring av gjeldande reguleringsplan er det gjort endringar i plasseringa av skitraséar i plankartet slik at disse samsvarer med opparbeida traséar for skiløyper og VA-traséar.

#### **Endring av areal avsett til renovasjonsløyisingar**

Aust i Oldesåsen, sør for parkeringsplass ved Herresleitet, er det i gjeldande plankart avsett eit område til renovasjonsanlegg (f\_REA). Det er opparbeida et sentralt renovasjonsanlegg vest i Oldesåsen ved innkøyrsel til hyttefeltet. I forslag til endring av reguleringsplan er arealet auka i samsvar med opparbeid renovasjonsanlegg. Dette renovasjonsanlegget skal dekke behovet for hele hyttefeltet i Oldesåsen. Renovasjonsområde aust i Oldesåsen er tatt ut i frå det oppdaterte plankartet.

#### **Endring av areal avsett til parkering ved Herresleitet.**

Parkeringsplassen ved Herresleitet er utgangspunkt for fleire skiløyper. Opparbeid parkeringsplass ved Herresleitet, har ei større utstrekning enn arealet som er regulert til parkeringsplass i gjeldande reguleringsplan. I forslaget til reguleringsendring er plankartet justert til å samsvare med opparbeida parkeringsplass ved Herresleitet. Skogsvegen som skiløype fylgjer austover frå parkeringsplassen på Herresleitet er endra til formål veg (SV) i plankartet.

#### **Endring av tilkomstpunkt til hyttetomter i Oldesåsen**

I endringsforslaget til reguleringsplanen er tilkomsten til hyttetomtane i plankart endra til å samsvare med opparbeiding av hyttetomter og omsøkte tiltak i byggjesøknader. Endring av tilkomstpunkt gjelder for fleire av hyttetomtane i feltet Oldesåsen.

#### 4.4 Føresegner

Det er gjort ei endring av føresegn for skiløypetrasé for å leggje til rette for heilårsbruk av løypenettverket i Voss ski- og tursenter.

Gjeldande plan
<p><b>Føresegn i gjeldande plan</b> <b>§ 12-5 Bygningar og anlegg</b></p> <p><b>3.1.4 Skiløypetrasé (SOSI-kode 1420)</b></p> <p>Traséane skal nyttast som skiløyper. Det er regulert løypetraséar langs veg, mellom fritidsbustadfeltet og ut til turløypene, samt i samanheng med løypene i anlegget til Voss ski- og tursenter. Løypene skal opparbeidast etter tenleg løypestandard. Ved opparbeiding og bruk av løyper kan skogen fjernast innanfor dei areal som er naudsynt for aktuell løypestandard. Løypene skal fastleggjast med oppmåling og utstikking før opparbeiding. Området kan etter avtale med drivar av Voss- ski og tursenter nyttast til landbruksdrift, friluftsliv, tur- og treningsanlegg i sommarhalvåret. Der løypa ligg på eksisterande landbruksveg, har grunneigar rett til å nytte løypetrasé til landbruksveg i vekstsesonen. Eventuell søknadsplikt på nye traséar må avklarast med Voss kommune.</p> <p>I eit område på 10 meter før kryssing av veg, skal skiløyper og brøytekanter avtrappast for å sikre trygg kryssing og tilstrekkelege siktsoner. Der skiløype kryssar veg er det høve til å etablere skibru. Skibru skal ikkje kome i konflikt med frisisiktone i kryss/avkøyring.</p>
Forslag til endring
<p><b>Nye føresegner:</b> <b>§ 12-5 Bygningar og anlegg</b></p> <p><b>3.1.4 Skiløypetrasé (SOSI-kode 1420)</b></p> <p>Traséane skal nyttast til skiløyper. <b>Skiløyper kan nyttast som sykkel- og tursti, når det ikkje er skisesong.</b> Det er regulert løypetraséar <b>langs veg</b>, mellom fritidsbustadfeltet og ut til turløypene, samt i samanheng med løypene i anlegget til Voss ski- og tursenter. Løypene skal opparbeidast etter tenleg løypestandard. Ved opparbeiding og bruk av løyper kan skogen fjernast innanfor dei areal som er naudsynt for aktuell løypestandard. Løypene skal fastleggjast med oppmåling og utstikking før opparbeiding. Området kan etter avtale med drivar av Voss ski- og tursenter nyttast til landbruksdrift, friluftsliv, tur- og treningsanlegg i sommarhalvåret. Der løypa ligg på eksisterande landbruksveg, har grunneigar rett til å nytte løypetrasé til landbruksveg i vekstsesonen. Eventuell søknadsplikt på nye traséar må avklarast med Voss kommune.</p> <p>I eit område på 10 meter før kryssing av veg, skal skiløyper og brøytekanter avtrappast for å sikre trygg kryssing og tilstrekkelege siktsoner. Der skiløype kryssar veg er det høve til å etablere skibru. Skibru må ikkje kome i konflikt med frisisiktone i kryss/avkøyring.</p>


**Gjeldande plan****3.3.1 Friluftsmål (SOSI-kode 5130)**

Område skal nyttast til friluftsmål. Området skal vere ubebygd og tilgjengeleg for alle. Området kan nyttast til deponi av snø frå vinterbrøyta parkeringsplass, og snø frå vinterbrøyta veg. Det kan etablerast velteplassar for tømmer i tilknytning til vegen. Velteplassar kan nyttast som parkering etter avtale med grunneigar/vegslag.

**Forslag til endring****3.3.1 Friluftsmål (SOSI-kode 5130)**

Område skal nyttast til friluftsmål. Området skal vere ubebygd og tilgjengeleg for alle. Området kan nyttast til deponi av snø frå vinterbrøyta parkeringsplass, og snø frå vinterbrøyta veg. Det kan etablerast velteplassar for tømmer i tilknytning til vegen. Velteplassar kan nyttast som parkering etter avtale med grunneigar/vegslag.

Det kan opparbeidast sti mellom skiløype og køyreveg i samsvar med illustrert sti i plankartet, Vikeshagen (jamfør figur).



## 5 Detaljert skildring av forslag til reguleringsendringar i plankart

Dette kapittelet gir ei detaljert oversikt over forslag til reguleringsendringar i plankartet innanfor dei ulike delane av planområdet, sortert etter tematikk.


### 5.1 Vikeshagen

#### 5.1.1 Endra plassering av skitraséar i plankart i Vikeshagen, inkludert ny bygd skibru

I forslag til endring av reguleringsplan er det gjort ein justering av skiløypetraséar i plankartet. Hovudføremålet med justeringa er å oppdatere plankartet i samsvar med opparbeida skiløypetraséar i Vikeshagen. Ny opparbeid bru er lagt inn i plankartet. Skiløypetraséar er regulert med 8 meters bredde.

#### Oversikt over endringar/justeringar av skiløypetraséar i plankart for Vikeshagen

##### Utklipp frå gjeldande reguleringsplan



I gjeldande reguleringsplan er skiløypetrasé mellom hyttefeltet i Himlesdalen og Vikeshagen regulert i nærleiken av tilkomstveg til Vikeshagen. I kartutsnittet frå gjeldande reguleringsplan er flyfoto lagt inn som bakgrunn for å synleggjere opparbeida skiløypetraséar sør, vest og aust frå nedre del av Vikeshagen.

**Raud pil syner kor ny skibru er opparbeid i Vikeshagen.**

##### Forslag til endring av reguleringsplan



I forslaget til reguleringsendring er skiløypetraséen mellom Himlesdalen og Vikeshagen er trekt lengre unna tilkomstveg. Ved å leggje skiløypetraséen lengre unna vegen unngår ein at snø og grus frå brøyting- og strøing av veg ender i skiløypene. Det vert foreslått å regulere skiløype i opparbeidd trasé som gjev tilkomst- og knyter trasé saman med Panoramaløypa. Blå linjer er føremålslinjer frå gjeldande reguleringsplan. Sør i Vikeshagen fortsett skiløypetrasé langs hjørnet til tomt V-9 (gnr./bnr. 184/20) i nordleg



Kartutsnitt frå gjeldande plan syner plassering av skiløypetrasé i gjeldande reguleringsplan innanfor øvre delar av Vikeshagen, og opparbeida skiløype.

Nedst mot høgre kan ein sjå opparbeid skiløypetrasé slik den fortsett etter krysning av ny skibru mot skistadion.

retning før den dreier nordaust mot ny skibru over tilkomstveg mot skistadion. Justeringa av skiløypetrasé er i samsvar med opparbeidd skiløype.

Vest for nedre del av hyttfeltet vist i kartutsnittet er det opparbeidd panoramaskiløype. Justering av skiløypetrasé er i samsvar med opparbeidd skiløype.





Kartutsnittet syner korleis skiløypetraséar er endra slik at dei samsvarar med opparbeida skiløyper (panoramaløype vest og skiløypetrasé mot stadion etter kryssing av skibru). Skiløypetrasé inne i sjølve hyttfeltet er også oppdatert i plankart og ender nå ved hyttetomtane V-31 og V-43, der skiløype fylgjer opparbeid VA-trasé langs hyttetomtane V-31 og V-43 mot skistadion.

### 5.1.2 Endring av areal avsett til renovasjonsanlegg og energianlegg i plankart

I gjeldande reguleringsplan er det regulert inn fire mindre areal til hentepunkt for boss/renovasjonsanlegg ved snuhammarar i hyttefeltet. I forslaget til reguleringsendring er plankart oppdatert i samsvar med opparbeidd areal til nytt sentralt renovasjonsanlegg for Vikeshagen aust for kryss langs tilkomstveg (gnr./bnr. 184/10 og gnr./bnr. 184/11). Dette renovasjonsanlegget vil erstatta dei fire renovasjonsområda i gjeldande reguleringsplan. Det opparbeida renovasjonsanlegget består av nedgravne avfallsdunkar med innkasthus over bakkenivå. Areal avsett til nytt renovasjonsanlegg for Vikeshagen er 91 m<sup>2</sup> (bredde 4,9 m – lengde 22 m).

I forslaget til endring av reguleringsplan vert det føreslått å endra arealføremålet for områder tidlegare regulert til renovasjonsanlegg, til køyvegareal og friluftsmål i plankartet. Hovudføremålet med endring til køyveg er å sikre nok areal til snuplassar og lagring av snø. Dette gjeld områda som i reguleringsplanen er omkransa av hyttetomter. For renovasjonsområde som i gjeldande reguleringsplan grensar til friluftsmål, er det føreslått å endre renovasjonsområde til å inngå i tilgrensande friluftsområde.


I forslaget til reguleringsendring er det lagt inn areal med føremål energianlegg i plankartet vest for krysset sentralt i Vikeshagen. Dette samsvar med opparbeid transformator. Avgrensinga i plankartet er i samsvar med terrenginngrep knytt til etablering av transformator.

Oversikt over endringar i plankart knytt til renovasjonsanlegg og energianlegg	
Utklipp frå gjeldande reguleringsplan	Forslag til endring av reguleringsplan
 <p>Kartutsnitt frå gjeldande plan med flyfoto lagt som bakgrunn. Her ser ein opparbeidd areal til nytt sentralt <b>renovasjonsanlegg</b> i Vikeshagen aust for kryss i hyttefeltet. Opparbeidd areal til energianlegg og ferdig bygd transformator vest for krysset ses også.</p>	 <p>Kartutsnitt frå oppdatert plankart syner at areal som er regulert til nytt sentralt <b>renovasjonsanlegg</b> og <b>energianlegg</b> er i samsvar med opparbeidd areal og bygde løysingar.</p>






Kartutsnittet syner areal avsett til renovasjonsområde ved snuhammar nordvest i Vikeshagen ved hyttetomtane V-16, V-17, V-22 og V-21.



Kartutsnitt frå oppdatert. Renovasjonsområdet er tatt ut frå kart og føreslått endra til arealføremål køyreveg for å sikre areal til snuplass. Området er også tenkt å kunne brukast til eventuell lagring av snø.




Kartutsnitt frå gjeldande plan syner areal avsett til renovasjon sentralt i øvre deler av Vikeshagen ved tomt V-25, V-26, V-29 og V-30.



Kartutsnitt frå oppdatert plankart. Renovasjonsområdet er tatt ut av plankart og føreslått endra til arealføremål køyreveg. Føremålet med endringa er å sikre areal til snuplass i forbindelse med gjesteparkering i hyttefeltet, og eventuell lagring av snø.




Kartutsnitt frå gjeldande plan syner areal avsett til renovasjon i Vikeshagen ved tomt V-45, V-46, V-48 og V-49.



Kartutsnitt frå oppdatert plankart i forslag til reguleringsendring. Renovasjonsområdet er tatt ut i oppdatert plankart. Det vert føreslått å endre arealføremålet til køyreveg. Føremålet med endringa er å sikre areal til snuplass i forbindelse med gjesteparkering i hyttefeltet, og eventuell lagring av snø.



Kartutsnitt frå gjeldande plan syner areal avsett til renovasjon lengst sør i Vikeshagen ved tomt V-9.




I forslag til reguleringsendring er område avsett til renovasjon tatt ut av kartet. Arealføremålet er føreslått endra til friluftsføremål i samsvar med tilgrensande areal. Tiltaket vil ikkje hindra tilkomst til tomta.

### 5.1.3 Endring av tilkomstpunkt til hyttetomt i plankart

I forslag til endring av reguleringsplanen er tilkomsten til hyttetomtene i plankart endra i samsvar med omsøkte tiltak i byggjesøknader og opparbeidde tilkomststar til hyttetomter. Endring av tilkomst gjelder for fleire av hyttetomtane i Vikesfeltet:

Øvre del av Vikeshagen


**V-14, V-15, V-16, V-18, V-19, V-20, V-21, V-28, V-26, V-29, V-30, V-32, V-37, V-38, V-39, V-40, V-41, V-43, V-44, V-45, V-47 og V-48.**



Figur 2 Øvre del av hyttefeltet i Vikeshagen. Svarte piler syner forslag til endring av tilkomst til og frå hyttetomtane i forslag til reguleringsendring. Blå piler syner tilkomst til hyttetomtane i gjeldande reguleringsplan.

Nedre del av Vikeshagen

V-3, V-4, V-5, V-6, V-7, V-8, V-9, V-10, V-11, V-12 og V-13



Figur 3 Nedre del av hyttetfeltet i Vikeshagen. Svarte piler syner forslag til endring av tilkomst til hyttetomtane i forslag til reguleringsendring. Blå piler syner tilkomst til hyttetomtane i gjeldande reguleringsplan.

I forslag til endring av reguleringsplanen er plankartet oppdatert med ei endring av tilkomstpunkt for 33 av 49 hyttetomtar i Vikeshagen.

#### 5.1.4 Sti mellom køyreveg og skiløypetrasé i plankart

I forslag til endring av gjeldande reguleringsplan er det føreslått stitrasé mellom køyreveg og skiløypetrasé. Stien går i nordvestleg retning frå krysset sentralt i Vikeshagen, mot Panoramaløypa. Endringa medfører ingen formålsendring i plankartet. Stien kan nyttast som snarveg mellom skiløype og hyttefelt av skigåarar.


#### Høve til å opparbeida sti mellom køyreveg og skiløypetrasé i Vikeshagen

##### Utklipp frå gjeldande reguleringsplan



Kartutsnitt frå gjeldande plan. Frå flyfoto kan ein observere deler av panoramaløypa som er opparbeidd vest for hytteområdet.

##### Forslag til endring av reguleringsplan



Oppdatert plankart i forslag til reguleringsendring. Stipla line syner forslag til sti som kan opparbeidast mellom køyreveg sørvest for kryss sentralt i Vikeshagen og panoramaløype.

## 5.2 Himlesdalen

### 5.2.1 Endra plassering av skitraséar i plankart i Himlesdalen

I forslag til endring av gjeldande reguleringsplan er det gjort endringar i plasseringa av skitraséar i plankartet. Hovudføremålet er at disse nå samsvarer med opparbeida skiløyper i Himlesdalen. Skiløypetraséar er regulert med 8 meters bredde.

#### Oversikt over endringar/justeringar av skiløypetraséar i plankart for Himlesdalen

##### Utklipp frå gjeldande reguleringsplan




Kartutsnitt frå gjeldande reguleringsplan syner plassering av regulert skiløypetrasé utanfor sving på tilkomstveg opp mot øvste del av hyttefeltet i Himlesdalen. På flyfoto som ligger i bakgrunnen kan ein skimte delar av opparbeid skiløypetrasé ved sving i tilkomstvegen.



Kartutsnitt syner korleis skitrasé ender ved planavgrensing ved tomt H-9 i gjeldande reguleringsplan. Traktorveg kan sjåast på flyfoto i bakgrunnen utanfor planavgrensinga.

##### Forslag til endring av reguleringsplan



Forslag til endra plankart omfattar opparbeidd skiløypetrasé som knyter saman Panoramaløypa rundt Sonvesåsen og skiløypetrasé mot skistadion og Vikeshagen. Oppdatert plankart syner endringa i plasseringa til skiløypetrasé inn mot sving i tilkomstveg kor det er opparbeid skiløypetrasé vidare mot Vikeshagen.




I forslag til endring av reguleringsplan er skiløypetrasé i plankartet endra til å gå langs hjørnet til tomt H-9 i samsvar med opparbeida skiløype.



I gjeldande reguleringsplan er skiløypetraséar lagt langs tilkomstveg sør for hyttefelt i Himlesdalen og frå Herresleitet i Oldesåsen mot Himlesdalen.

I bakgrunnen ses opparbeida skiløyper frå Herresleitet, og inne i hyttefeltet.







I forslaget til endring av reguleringsplan er plasseringa av skiløypetraséen langs tilkomstveg til Himlesdalen føreslått endra. Ved å flytte traséen bort frå vegen unngår ein problematikk knytt til bl.a. grus i skiløyper ved vinterdrift av vegen. Plassering av skiløypetrasé frå Herresleitet mot Himlesdalen, og skiløypetrasé inne i hyttefeltet er endra i samsvar med opparbeida skiløyper.

### 5.2.2 Høgdebasseng

#### Endring av areal avsett til høgdebasseng (VAR) i plankart

Lengst nord i hyttefeltet Himlesdalen er det regulert for vass- og avløpsanlegg (VAR) med høgdebasseng. I forslaget til reguleringsendring vert det føreslått å endra plasseringa av vass- og avløpsanlegg i plankartet. Endringa er i samsvar med innmålingar og opparbeidd areal. Pumpehus er også bygd i samsvar med omsøkte tiltak i byggjesøknad. Gjerde rundt høgdebasseng og pumpehus dannar grunnlag for grense til arealføremål vass- og avløpsanlegg (VAR) i oppdatert plankart.



Gjeldande reguleringsplan sitt byggeområde (VAR) er i forslag til enda reguleringsplan halvert og oppretthalde i samsvar med vedtak i byggjesøknad (saksnr: 21/02326). Arealformålet er endra til telekommunikasjonsanlegg (BTK). Voss herad sitt vedtak av 06.12.2021 på byggjesøknaden for oppføring av telekommunikasjonsmast på gnr. 202, bnr. 2 er stadfesta av Statsforvaltaren i Vestland. I vedtaket er det lagt til grunn at oppføring av telekommunikasjonsmast skjer på byggeområde, byggeområde er oppretthalde i tråd med stadfesta vedtak.

Forslag til reguleringsendring knytt til høgdebasseng i Himlesdalen													
Utklipp frå gjeldande reguleringsplan	Forslag til endring av reguleringsplan												
 <p>Areal avsett til høgdebasseng (VAR) i gjeldande plan lengst nord innanfor Himlesdalen. Flyfoto i bakgrunnen syner opparbeidd areal til høgdebasseng med etablert pumpehus og inngjerding.</p>	 <p>Kartutsnitt frå oppdatert plankart i forslag til reguleringsendring. Område avsett til høgdebasseng (VAR) er endra i samsvar med opparbeidd areal og bygd pumpehus. Deler av areal avsett til VAR i gjeldande plan er beholdt og føreslått endre til telekommunikasjonsanlegg (BTK).</p>												
<p>Til venstre under teikning med koordinat på høgdebassenget si inngjerding. Til høgre under teikning med gul markering av telekommunikasjonsmast si godkjende plassering, ref. saksnr: 21/02326.</p>													
 <p>Koordinatliste, Euref09, UTM sone32 Tont Høgebasseng</p> <table border="1"> <tr> <td>1</td> <td>X: 6721927,993</td> <td>Y: 361213,653</td> </tr> <tr> <td>2</td> <td>X: 6721936,426</td> <td>Y: 361217,389</td> </tr> <tr> <td>3</td> <td>X: 6721925,422</td> <td>Y: 361242,922</td> </tr> <tr> <td>4</td> <td>X: 6721911,989</td> <td>Y: 361219,388</td> </tr> </table> <p>Tont Hø</p>	1	X: 6721927,993	Y: 361213,653	2	X: 6721936,426	Y: 361217,389	3	X: 6721925,422	Y: 361242,922	4	X: 6721911,989	Y: 361219,388	 <p>VAR Lengde: 19,4 m 19,4 m Klukk for å starte måling.</p>
1	X: 6721927,993	Y: 361213,653											
2	X: 6721936,426	Y: 361217,389											
3	X: 6721925,422	Y: 361242,922											
4	X: 6721911,989	Y: 361219,388											




### 5.2.3 Endringa av areal til skibruer i plankart

Det er regulert inn to skibruer i Himlesdalen i gjeldande reguleringsplan. Bruene skulle kople saman skiløypetrasé søraust i hyttefeltet med sørgående skiløypetrasé mot parkeringsplass og løypenettverk ved Herresleitet. Det vert føreslått å erstatte desse to bruene med ein ny skibru sørvest for skibruene i gjeldande plankart. Forslaget til plassering av ny skibru er i tråd med byggesøknad og innmålte traséar.

Forslag til reguleringsendring knytt til skibruer i Himlesdalen	
Utklipp frå gjeldande reguleringsplan	Forslag til endring av reguleringsplan
 <p>I gjeldande plan er skiløypetraséar regulert sør for tilkomstveg til Himlesdalen frå Oldesåsen og Herresleitet. I bakgrunnen ses opparbeida skiløyper frå flyfoto sør for tilkomstveg og innanfor hyttefeltet.</p> <p><b>Gjeldande reguleringsplan viser to skibruer, her markert med raude piler:</b> ein skibru kryssar område med arealføremål BAH (Kombinert Renovasjon og Skogbruk) mot skiløypetrasé sør for tilkomstveg, den andre skibrua ca. 60 m lengre mot nordaust der regulert skiløypetrasé sør for tilkomstveg ender.</p>	 <p>I forslaget til endring av reguleringsplan er plasseringa av skiløypetraséar endra i samsvar med opparbeida skiløypetraséar i Himlesdalen.</p> <p><b>Raud pil viser forslag til ny skibru</b> som skal erstattar to skibruer i gjeldande reguleringsplan. I endringsforslaget vil skibrua krysse tilkomstveg til hyttefeltet sørvest for avkøyrse mot Himlesdalen. Skibrua vil knytte opparbeida skiløypetrasé innanfor Himlesdalen mot opparbeida skiløype i Oldesåsen og mot Herresleitet.</p>

### 5.2.4 Endring av areal til leikeplass i plankart (L-h1)

I gjeldande reguleringsplan er det avsett to områder til leikeplass. Eit av desse er L-h1 sørvest for avkøyrseil til Himlesdalen. I forslaget til endring av plankart er det regulert inn skiløypetrasé som krysser dette arealet. Endringa samsvarar med opparbeid skiløype. Det er avsett eit større areal til skiløypetrasé sør for leikeplassen i gjeldande reguleringsplan i høve til forslaget til reguleringsendring. Areal avsett til leikeplass (L-h1) er totalt sett auka i forslaget til reguleringsendring.


Forslag til reguleringsendring knytt til leikeplass L-h1 i plankart, Himlesdalen	
Utklipp frå gjeldande reguleringsplan	Forslag til endring av reguleringsplan
 <p>I gjeldande reguleringsplan er det regulert inn leikeplass ved avkøyrseil frå tilkomstveg til Himlesdalen (L-h1). Flyfoto i bakgrunnen av plankartet syner opparbeid skiløypetrasé som krysser avsett areal til leikeplass. I gjeldande reguleringsplan måler dette arealet 427 m<sup>2</sup>.</p>	 <p>I kartutsnittet frå oppdatert plankart er opparbeida skiløype lagt til grunn for endring av plassering av skiløypetrasé. Ei reduksjon i areal avsett til skiløypetrasé samanlikna med gjeldande plan gjer at leikeareal ved L-h1 totalt sett har auka til 455,3 m<sup>2</sup>.</p>

### 5.2.5 Endring av tilkomstpunkt hyttetomtar

I endringsforslaget er tilkomstpilar til hyttetomtene i plankart endra til å samsvare med opparbeiding av hyttetomter og omsøkte tiltak i byggesøknader. Endring av tilkomst gjelder for fleire av hyttetomtane i feltet Himlesdalen:

**H-1, H-2, H-4, H-5, H-6, H-7, H-8, H-10, H-11, H-12, H-13, H-15, H-16, H-17, H-18, H-20, H-22, H-23, H-24, H-25, H-26, H-28, H-29, H-32, H-33, H-34, H-36, H-39 og H-41.**

I oppdatert plankart vert det føreslått å endra tilkomstpunkt for 29 av 41 hyttetomtar i Himlesdalen.





Figur 4 Kartutsnitt frå hyttefeltet i Himlesdalen syner tilkomst til hyttetomtane i gjeldande reguleringsplan med blå pilar. Svarte pilar syner tilkomst til hyttetomtane i forslag til endring av reguleringsplan.

### 5.3 Oldesåsen

#### 5.3.1 Endra plassering av skiløypetraséar i plankart

I forslag til reguleringsendring er det gjort endringar i plasseringa av skiløypetraséar i plankartet. Hovudføremålet med endringa er å oppdatere plankartet slik at det samsvarer med opparbeida- og innmålte traséar i Oldesåsen.


Oversikt over endringar/justeringar av skiløypetraséar i plankart for Oldesåsen	
Utklipp frå gjeldande reguleringsplan	Forslag til endring av reguleringsplan
 <p>I kartutsnittet frå gjeldande plan ser ein deler av skiløypetrasé som er regulert inn langs tilkomstveg mellom Oldesåsen og Himlesdalen. Traséen i kartutsnittet går mellom renovasjonsanlegget i Oldesåsen og avkøyrsel til Himlesdalen.</p> <p>Stipla linje syner skogsveg som går mot opparbeid skiløype som går mellom Himlesdalen og Herresleitet.</p>	 <p>I forslaget til reguleringsendring vert det føreslått å endra skiløypetraséen slik at den går frå renovasjonsområdet langs hyttetomtane nordvest i Oldesåsen, før traséen koplatt på eksisterande skogsveg. Ved å føre traséen lengre bort frå vegen unngår ein at snø, grus og sand hamner i skiløyper i forbindelse med drift av vegen vinterstid.</p> <p>Blå linjer syner plassering av planlagde skiløypetraséar i gjeldande plan.</p>

## Utsnitt frå gjeldande plankart



Kartutsnitt frå nedre deler av Oldesåsen. I gjeldande reguleringsplan er skiløypetrasé regulert til i stor grad å gå langs tilkomstvegen til Oldesåsen og Herresleitet.

## Utsnitt frå plankart i forslag til reguleringsendring




I forslag til reguleringsendring er skiløypetrasé endra i samsvar med opparbeida VA- trasé i området. Ved å trekke traséen lengre bort frå køyreveg unngår ein problematik knytt til vinterdrift av vegen, der snø og grus frå brøyting og strøing kan hamne i skiløypa.

Utsnitt frå gjeldande plankart




I kartutsnittet frå gjeldande plankart ser ein at det er regulert inn skitrasé mot parkeringsplass på Herresleitet søraust for hyttetomtane, via område regulert til renovasjon (REA). Flyfoto som ligger i bakgrunnen syner etablerte skiløypetraséar som krysse tilkomstveg mot Herresleitet lengre aust for skiløypetrasé i gjeldande plan.

Utsnitt frå plankart i forslag til  
reguleringsendring

I det oppdaterte plankartet følger skiløypetraséen opparbeidd skiløype. Den opparbeida skiløypa følgjer i stor grad eksisterande skogsveg.

### 5.3.2 Renovasjon

#### Reguleringsendring renovasjonsanlegg



I Oldesåsen er det regulert to områder til renovasjon (REA), ved parkeringsplassen ved Herresleitet og ved avkøyrsla til Oldesåsen. Til Oldesåsen er det tilrettelagt eitt renovasjonsområde, ved avkøyrsla til hytteområdet.

Endring av reguleringsplan vil samsvare med opparbeidd situasjon.


**Forslag til reguleringsendring knytt til renovasjonsanlegg, Oldesåsen**

## Utklipp frå gjeldande reguleringsplan



Ved Herresleitet er det i gjeldande plan regulert inn område for renovasjonsanlegg, som ikkje er opparbeidd.

## Forslag til endring av reguleringsplan





Utsnitt frå oppdatert plankart i forslag til reguleringsendring. Renovasjonsområdet sør for Herresleitet er endra til del av friluftområde. Sentralt renovasjonsanlegg vest ved innkøyrse til Oldesåsen dekker behovet for renovasjonsanlegg i Oldesåsen. Opparbeidd renovasjonsområde er foreslått endre i samsvar med opparbeidd areal, sjå utklipp under



### 5.3.3 Parkering

#### Justering av parkeringsplass ved Herresleitet

Parkeringsplassen på Herresleitet i Oldesåsen har i dag større utstrekning enn arealet opphavleg regulert til parkeringsareal i gjeldande reguleringsplan. I forslag til endring av reguleringsplanen er plankartet justert og oppdatert i samsvar med opparbeid parkeringsplass per dags dato.

Forslag til reguleringsendring knytt til parkeringsplass ved Herresleitet, Oldesåsen	
Utklipp frå gjeldande reguleringsplan	Forslag til endring av reguleringsplan
 <p>Kartutsnitt frå plankart i gjeldande reguleringsplan med flyfoto som bakgrunn. Utsnittet syner område regulert til parkering ved Herresleitet i gjeldande plan i høve til utstrekninga av opparbeid parkeringsplass. I gjeldande plan var det avsett 54 plasser til parkering.</p>	 <p>I forslaget til reguleringsendring er plankartet oppdatert i samsvar med opparbeid areal til parkering ved Herresleitet. Dagens opparbeidde parkeringsplass har kapasitet til 77 personbilar. Dagens parkeringsplass fylgjer terrenget på eit naturlegvis utan at det vert behov for større og meir omfattande terrenginngrep. Ei opparbeiding av parkeringsareal i tråd med gjeldande reguleringsplan ville medført større terrenginngrep.</p> <p>I forslaget til endra plankart er føremålet for skogsvegen som går austover frå parkeringsplassen ved Herresleitet, endra frå køyreveg (KV) til føremålet veg (SV). Skiløype vidare innover Herresåsen startar her.</p>




### 5.3.4 Endring av tilkomst til hyttetomtane

I forslaget til reguleringsendring er tilkomstpunkt til hyttetomtane i plankart føreslått endra til å samsvare med opparbeida hyttetomter og omsøkte tiltak i byggjesøknader. Endring av tilkomstpunkt gjelder for fleire av hyttetomtane i feltet Oldesåsen:

**O-2, O-4, O-6, O-8, O-9, O-10, O-11, O-12, O-13, O-14, O-15, O-16, O-17, O-19, O-21, O-22, O-23, O-24, O-25, O-26, O-27, O-28, O-29, O-33, O-34, O-36, O-39, O-40 og O-41**

I det oppdaterte plankartet vert det føreslått å endra tilkomsten for 29 av 44 hyttetomtar i Oldesåsen.



Figur 5 Kartutsnitt frå hyttefeltet i Oldesåsen i oppdatert plankart. Svarte piler syner oppdatert tilkomst til hyttetomtar, blå piler syner tilkomst i gjeldande reguleringsplan.

## 6 Konsekvensar av reguleringsendringa

Samla sett er det vurdert at planforslaget vil ha positive konsekvensar innanfor planområdet.

### 6.1 Overordna planar

Planforslaget er i tråd med hovudføremål og retningsliner i gjeldande kommuneplan.

### 6.2 Gjeldande reguleringsplan

Planforslaget er i tråd med hovudføremål og retningsliner i gjeldande reguleringsplan.

Forslag til reguleringsendring medfører ein mindre reduksjon i område til skianlegg og ein auke i areal til skiløypetrasè. Idrettsstadion formål er redusert som fylgje av at skiløypetrasè er lagt gjennom området. Regulert område til renovasjon er redusert som fylgje av felles område til renovasjon i Vikeshagen og at eit renovasjonsområde i Oldesåsen er endra til friluftsføremål.

Det er lagt til nytt føremål i forslag til reguleringsendring, for bygd transformator i Vikeshagen.

Område til køyreveg har ein liten auke som fylgje av at renovasjonsområde er endra til køyreveg.

Område til parkering er auka i samsvar med bygd parkeringsplass ved Herresleitet. Endringa medfører ein reduksjon i føremål til skianlegg.

### 6.3 Naturmiljø

Planforslaget er i tråd med retningsliner i gjeldande plan. Sett i høve til gjeldande plan kan ein ikkje sjå spesielle endra konsekvensar for naturmiljø.

### 6.4 Naturressursar og naturmangfaldslova

Det følgjer av naturmangfaldlova (NML) § 7 at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn for utøving av offentleg mynde og at vurderingane skal gå fram av avgjersla.

Planforslaget er i tråd med gjeldande reguleringsplan og overordna føringar, og medfører ingen spesielle endringar i høve til gjeldande plan.

### 6.5 Barn og unge sine interesser

Planforslaget medfører ei endring av eit område avsett til leikeplass (L-h1) i fritidsbustadfeltet Himlesdalen. I planforslaget har ein skitrasè i området fått endra plassering i samsvar med opparbeida skiløype, noko som medfører at leikearealet vert splitta. Leikeplassen vil totalt sett ha eit større areal som fylgje av endringa i plankartet, og det er vurdert at tiltaket ikkje medfører særleg negative konsekvensar for barn- og unges interesser.

### 6.6 ROS

Planforslaget medfører ikkje nye tiltak utover tiltak som allereie føreligge i gjeldande reguleringsplan. Det er vurdert at endringar i planforslaget ikkje utløyser behov for ny ROS-analyse.

## Vedlegg

- Planføresegner, forslag til endring markert med fotnote og tekst i raudt, datert 28.06.22
- Plankart, forslag til endra plankart, datert 27.06.2022
- Plankart, forslag til endra plankart med gjeldande reguleringsplan sine formålsliner vist med blå liner, datert 27.06.2022